

Styremøte 6-2018 torsdag 25. juli kl.1800 på Klubbhuset

Desse møtte: Ole Bosnes, Terje Edvardsen, Dagfinn Grøttå, Inge Bakke.

Saker:

1. Søknad om midlertidig driftskredit

Byggekostnaden knytt til klubbhuset er pr. 24.juli 2018 på kr 860.000,-. Det betyr ein meirkostnad på kr 160.000,- i høve ramma, som vart sett til kr 700.000,-. Gjeld (gamal+ny) pr. 15.juli 2018, er på kr. 851.074,-. Månadlege terminbeløp, avdrag + renter, utgjør kr. 6.509,-. Til og med august vil terminbeløpet kunne betalast med midlar på konto..

Forventa terminutgifter til og med februar 2019 blir ca. 39.000 kroner, utgifter til straum ca. 20.000 kroner, kommunale avgifter ca. 10.000 kroner, leige til utleigarar ca. 20.000 kroner, pluss småutgifter 11.000 kroner, til saman ca. 100.000 kroner.

Totalt treng vi derfor ca. 100.000 kroner i driftskreditt for å greie utlegga våre fram til innbetaling av årsavgift frå medlemmane med forfall 1. mars 2019. Styret meiner at det i tillegg trengs eit handlingsrom på 50.000 kroner for uforutsette utgifter.

Vedtak:

Holmavika Hamnelag SA, ved styret, søker Sparebanken Vest om driftskreditt på 150.000 kroner med sikkerhet i eiendommen i allerede tinglyst pant av 27.09.2013 på 1.000.000 kroner. Ansvar: Ole.

2. Kjøp av båtplasser – nye kriterier

Holmavika Hamnelag SA har i vedtektene klare reglar for omsettjing av båtplassar ved bytte, kjøp og arv. På bakgrunn av ein del aktuelle saker drøfta styret om desse reglane er rimelege og fornuftige i dag. Det er særleg kravet om å ha bustadsadresse i Selje sentrum som det kan stillast spørsmål ved. Vi har søkjarar med sterk tilknytning til Selje gjennom oppvekst, slekt og fritidsbustad som trass i dette vert satt på sidelinja. Men kva alternativ har vi? Styret fann at dette må tenkjast gjennom grundig før ein foreslår for årsmøtet å gjere endringar.

Vedtak:

Det vart ikkje høve til vedtak. Saka blir drøfta vidare i eit seinare møte. Ansvar: Ole.

3. Bruken av klubbhuset

Vedtak:

- Inntil vidare vert klubbhuset ope kvar laurdag frå kl. 10-14. Det lagast ein vaktplan for hausten 2018. Ansvar: Inge
- Frå september-oktober og fram til jul inviterer vi medlemmar til temakvelder med innleiar/foredragshaldar og etterfølgjande sosialt samvere. Ca. seks onsdagskvelder frå kl. 19-21. Ansvar: Inge.

Motteke gååve

Styret takker for motteke biletgåve frå Jan Petter Venøy. Biletet blir hengt opp i klubblokalet.

Møtet slutt.